

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i openberringstida – 16. januar 2022

Preiketekst: Joh 1,15-18

Lesetekst I: 1 Kor 8,5-6

Lesetekst II: 2 Mos 3,13-15

Nåde over nåde

Preiketeksten for denne søndagen er innholdsfylte og djupe ord om kven Jesus er og kva han gjer.

Døyparens vitnemål

I Johannes 1,15-18 les vi ei attgjeving av Johannes døyparen si forkynning om Jesus. Om dette er dei faktiske orda han sa, eller om det er ei oppsummering av essensen i budskapet hans, veit vi ikkje nøyaktig, og det er kanskje ikkje så viktig heller. Mange fortolkarar meiner at Johannes døyparen talar i vers 15, medan vers 16-18 er eit forklarande innskot frå apostelen Johannes.

Tematikken frå vers 1-14 held fram og vekta ligg framleis på at Jesus er sann Gud, ja, faktisk den einaste som verkeleg kan visa oss kven Gud er.

Jesu preeksistens

Vers 15 er eitt av fleire vers i Bibelen som held fram for oss det vi med eit teologisk omgrep kallar «Jesu preeksistens», det vil seia at Jesus er frå æva. Han har aldri blitt til, men har alltid vore til (sjå også Joh 1,1; 8,56-59; 17,5; Kol 1,17).

Ordet «fullnad» («overflod») er på gresk *pleroma*. Ofte blir dette ordet sett i samband med den gnostiske rørsla som var ei stadig utfordring for den tidlege kyrkja. Truleg er det betre å sjå ordet i lag med vers 14: «full av nåde og sanning». Jesus er rik nok for alle som påkallar han (Rom 10,12) og frå han flaumar nåden over. Der synda var stor, vart nåden enda større (Rom 5,20). Det er av denne fullnaden vi har fått.

Johannes kallar dette «nåde over nåde». Dette uttrykket er ganske omdiskutert blant fortolkarar og de to hovudløysningane er anten a) nåde oppå nåde, altså akkumulering av nåde, eller b) nåde i staden for nåde, altså ei ny nåde som avløyser den gamle pakta. Begge desse løysningane kan forsvarast.

Nåden og sanninga kom

Lova vart gjeven, nåden og sanninga kom. Det er litt av ein skilnad. Jødane på Jesu tid var stolte over lova. Moselova er god og gjev gode rammer for livet. Ho var ei gåve frå Gud. Men lova var ikkje tilstrekkeleg og «førte ikkje noko fram til fullending» (Heb 7,19). Ja, lova ender opp med å bera fram eit klagemål mot folket som prøver å leva etter henne (Joh 5,45). Ingen er nemleg i stand til det. Difor er det naudsynt med noko som er betre enn lova, nemleg Kristus. Og han kom. Han er ikkje berre eit ord skrive på steintavler, han er ein person som budde blant oss. Difor er alt ved Kristus betre og større, slik Hebrearbrevet heile tida set opp kontrasten.

Kontrasten mellom nåde og sanning er verdt å merka seg. Det er sjeldan vi menneske klarar å halde desse to saman. Det vert anten nåde utan sanning eller sanning utan nåde. Hos Jesus finst begge deler. Han seier både «du er mannen» og «Så har òg Herren teke bort synda di. Du skal ikkje døy» (2 Sam 12,7-13).

Gud er forklart i Kristus

Gjennom heile Bibelen blir det gjort klart at ingen kan sjå Gud. Det slår Gud tydeleg fast i 2 Mos 33,23. Moses fekk berre sjå han bakfrå. Sidan les vi at Moses fekk tala munn til munn (andlet til andlet) med Gud og at han fekk sjå «Herrens skapnad». Dette må vi forstå som ei slags nedskalert sjåing. Gud er ande og er ikkje fysisk slik vi tenkjer oss det. Han bur i eit ljøs der ingen kan koma (1 Tim 6,16). Menneske som i GT fekk sjå Herrens engel, trudde dei måtte døy (Dom 6,22; 13,22), nettopp fordi dei visste at ingen kan sjå Gud og (over)leva. Han er med andre ord utilgjengeleg for oss.

Likevel, i Kristus, har vi fått sjå kven Gud er. På gresk står ordet vi har fått vårt «eksegese» frå. Jesus har «eksegert» Gud for oss, han har forklara og utlagt kven Gud er. I Jesus får vi møta Gud. Han som bur i eit ljøs der ingen kan koma, har kome til oss. Det er nåde over nåde!

Knut Kåre Kirkholm

Høgskolelektor og undervisningsleiar ved Fjellhaug Internasjonale Høgskole og redaktør av magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no